

30.10.2010

Til finalen med 4 uskedelingar på laget



Fornøgde uskedelingar: Kari Bråtun, Ingebjørg Haugland, Kathrine Yri Røssland og Anne Marte Zimmer.

Med uskedelingane Kari Bråtun, Katrine Yri Røssland, Anne Marte Zimmer og Ingebjørg Haugland på laget gjekk Rosendals J14-lag til finaleni eit ufyseleg ver på kunstgrasbana i ettermiddag. Det var ein thriller av eit oppgjer som vart avgjort på ein spesiell måte: Talet på hjørnespark.

Hald/Telavåg/Skogsvåg, som har gjort unna serien med målskilnaden 116-4 og vunne alle kampar i si pulje, leia med 1-0 etter første omgang og hadde grepet om oppgjeret. Dei lokale entusiastane frykta det verste. Men laget kjempa seg innatt i kampen i den andre delen og 10 minutter før slutt var dramatikken på topp: Rosendal fekk straffespark og Tina Skår hadde ingen problem med å setta ballen sikkert i mål utan at keeper reagerte. Det var Ingebjørg Haugland som vart felt.

Då kampen var blese av var stillinga framleis 1-1, men så kom hjørnespark-statistikken inn i biletet, 'Det viste seg at heimelaget leia den 7-5 og dermed var saken klår og jubelen steig til dei store høgder. Tina var natuleg nok den gladeste av alle.

Ho innrømte at ho var svært nervøs, ikkje minst fordi det ikke var bestemt kven som skulle ta straffa. Ellers tykte ho at laget jobba bra gjennom heile kampen.

I finalen vil ho gjerne møta Trio, men då må husnesingane slå Arna Bjørnar sundag ettermiddag. Og finalen går neste laurdag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tina Skår set straffa i mål utan reaksjon frå keeperen.